



Vaktordning IKTNH

Gjeld frå 01.03.2023

Applikasjon/teneste	Tidsrom for vakt
Journalssystem for helse	15.30 – 08.00
Turnussystem for helse	15.30 – 08.00
Mobil omsorg	15.30 – 08.00
Telefoni knytt til helse/omsorg	15.30 – 08.00
Omsorgsteknologi	15.30 – 08.00
Overvakingssystem for VA	15.30 – 08.00
MDR – Telenor	15.30 – 08.00
Region Nordhordland Helsehus	15.30 – 08.00
Brannstasjonar	15.30 – 08.00
Felles stasjon brann/ambulanse	15.30 – 08.00
Underliggjande infrastruktur som er nødvendig for at tenestene ovanfor fungerer	15.30 – 08.00

Arbeidstid

Det er inngått avtale mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde om vaktordninga. Vaktperioden vert ikkje rekna som arbeidstid, jf. AML §10.4 (3).

Ansvar og mynde

Beredskapsvakt IKTNH er i vaktperioden IKTNH sitt kontaktpunkt for driftsmeldingar og systemgenererte varslingar utanom normal arbeidstid.

Dersom det oppstår tvilstilfelle mellom brukar og beredskapsvakt er det IKTNH som bestemmer om innmeldte feil skal rettast innafor vakttida eller om feilsøking og feilretting skal skje ved første ordinære arbeidsdag.



Vakta sine plikter

Vaktpersonell skal i perioden vera tilgjengelege pr telefon og vera i stand til å utføra nødvendig arbeid ved hjelp ekstern pålogging. Ved særlege høve kan vakta også rykkja ut til lokasjonar innan IKTNH sitt ansvarsområde.

Responstid

Ved oppringing skal vakta respondera via telefon innan 15 minutt. Diagnostisering startar straks ved feilsituasjonar som er dekkja av vaktordninga. Vaktpersonell må kunna ha oppmøtetid til IKTNH, Hagellia 6 innan 2 timar.

Avgrensingar

Beredskapsvakt har ikkje plikt til å hjelpa brukarar med brukarproblem eller støtte i korleis fagsystem skal brukast.

Dersom beredskapsvakt opplever at brukarar gjentatte gonger ber om støtte til tenester eller applikasjonar som ikkje er omfatta av denne instruksen, skal det meldast til avdelingsleiar.